OSTERØY KOMMUNE
Teknisk forvaltning

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Marit Nedreli | 25.05.2023 |
| Vår: 23/1175 - 23/11877 | marit.nedreli@osteroy.kommune.no | |

# Dispensasjonsvedtak til klagevurdering - gbnr 96/38 Fotland - Oppføring av vinterhagestove

| | |
|---|---|
| **Tiltak:** | Søknad om dispensasjon for oppføring av vinterhagestove |
| **Eigedom:** | Gbnr: 96/38 |
| **Tiltakshavar:** | Ronny Korneliussen |

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanføresegn nr. 1.5 for oppføring av vinterhagestove på gnr. 96 bnr. 38. Det er opplyst at vinterhagestova er på 12,5 m².

**Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggeområde bustad.

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA.

**Handsaming**

Saka vart handsama av Osterøy kommune den 24.05.203 saknr. 142/23, der følgjande vedtak vart fatta:

> *"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanføresegn nr. 1.5 for oppføring av vinterhagestove på 12,5 m² på gnr. 96 bnr. 38 på følgjande vilkår, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 5.*
>
> - *Plasseringa skal vere i samsvar med situasjonsplan motteken saman med dispensasjonssøknaden."*

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag

på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Tore Johan Erstad<br>leiar | Marit Nedreli<br>fagansvarleg byggjesak |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
96/38 - Søknad om dispensasjon
Teikningar - Fasade
Situasjonskart
96/38 Fotland - Søknad om dispensasjon for oppføring av vinterhagestove - vedtak
93-38 kommuneplan 1-1000
93-38 ortofoto 1-1000

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Statsforvaltaren i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| Vestland Fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |